

Leige av trimrom

Kommunen leiger ut trimrommet i Olivinhallen for abonnentar. Tilgang til trimrommet vert ved bruk av kodebrikke.

For å få denne må det tingast abonnement. All bruk av trimrommet skal vere registrert ved bruk av denne. Det er ikkje lov å bruke trimrommet sjølve eller sleppe inn andre utan gyldig abonnement.

Tinging av abonnement for trimrommet sendast på epost med personalia (namn, adresse, mobil, epost)

Til: olivinhallen@vanylven.kommune.no

Eitt halvårs abonnement (01.jan. til 30.juni eller 01. juli til 31. des.)

Kr 512,- (2025)

Eit års abonnement (01. jan. til 31.des.)

Kr 922,- (2025)

Oppseiing må skje før 30. juni (for ev. refusjon av 2. halvår) eller 31. desember (for å ikkje verte fakturert for påfyljande år). Prisane vert indeksregulert kvart år frå 01. jan.

Kodebrikken vert gyldig ved betaling av abonnement, og er personleg. Tap av brikke vert kravd kr 100,- Den gamle vert automatisk sperra.

Brikken skal leverast tilbake ved oppseiing av abonnement. Dette gjerast etter avtale eller ved servicetorget på rådhuset, Fiskå.